

Svineinfluensa - kriseplan for Firda vgs

Svineinfluensaen er i ferd med å spreie seg over heile landet. Ein reknar med at når skulane startar opp vil det verte ein sterk vekst i talet på smitta personar. Det er difor viktig at kvar enkelt tek ansvar for å redusere smittespreiinga mest mogleg. Dette kan du gjere ved å unngå handhelsing, klemming og ikkje hoste eller nyse mot andre. Vask også hendene ofte med såpevatn eller sprit frå dispenser. Klikk deg vidare og les Firda vgs sin kriseplan for influensaepidemien og følg retningslinjene der om du skulle bli smitta.

Innleiing

Om influensa A H1N1:

Så langt verkar det som svineinfluensa A H1N1 (SI) medfører eit mildare sjukdomsbilde enn vanleg sesonginfluensa. Risikogrupper for meir alvorleg sjukdom er lista opp i MSIS-rapport 15/2009. Desse er i hovudtrekk gravide, personar over 65 år eller personar med kronisk hjarte-/lungesjukdom, kronisk nyresvikt, nedsett infeksjonsresistens eller diabetes mellitus.

Tida frå smitte til dei første symptoma viser seg er 2 døgn, og sjukdommen varer 3-4 dagar. Ein smitter andre fram til dag 7 etter sjukdomsutbrotet.

Antigenoverflata på SI er ikkje registrert dei siste 50 åra. Personar yngre enn 50 år er derfor meir mottakelege for smitte enn eldre. Statistisk råkar SI yngre personar. På [verdsplan](#) er talet på tilfelle med alvorleg SI hos personar eldre enn 50 år ubetydeleg, iflg Folkehelseinstituttet. Dei som hittil har vore alvorleg råka av SI, er såleis yngre med kronisk sjukdom frå før. Det er til no tre slike kjende tilfelle i Noreg.

Den sterke merksemda rundt SI har samanheng med at størstedelen av arbeidsstyrken i Noreg er relativt sterkt mottakeleg for smitte. Sjølv om dei fleste vert råka heller mildt, viss dei ikkje er i ei risikogruppe, er ein bekymra for at samfunnet vil "gå i stå", viss t.d. 30% av arbeidsstyrken vert råka samtidig.

Kjennteikn (diagnose)

Personar som er smitta, har slike kjenneteikn:

- a. feber over 38 grader og
- b. minst to av følgjande symptom
 - hoste
 - sår hals
 - rennande nase
 - smerter i musklar / ledd
 - hovudverk
 - diaré / oppkast

Informasjon:

Kommunelege og helsesøster informerer om epidemi og tiltak til tilsette og elevar ved skulen slik:

Pedagogisk personale: planleggingsdag torsdag 13.august

Driftspersonale: vert innkalla til orienteringa torsdag 13.8.

Elevar: ved skulestart, måndag 17. august kl. 08.30 (vg1) og 12.00 (vg2 og vg3).

Elevar som ikkje møter første skuledagen, vert samla til felles informasjonsmøte torsdag 20.august.

Til vurdering: Annonse i lokal-avisene i fylket med informasjon til dei som har influensaliknande symptom før skulestart om at dei

- 1) ikkje møter på skulen før tidlegast 7 dagar etter at symptoma har vist seg..
- 2) blir undersøkt av lege der dei er.

Tiltak elevar:

A: Personar som er smitta, skal haldast i isolat til 7 dagar etter symptomdebut. Elevar som vert smitta, vert henta av føresette og isolert heime.

Personar i risikogrupper som er i same husstand som den smitta, skal kontakte lege for å få førebyggjande behandling. Slike risikogrupper er personar med:

- kronisk hjarte- / lungesjukdom, f.eks. astma
- nedsett motstandskraft mot infeksjon
- diabetes
- kronisk nyresvikt
- gravide

Elevar som er i risikogrupper, skal melde frå til kontaktlærer seinast tysdag 18.08. Det same gjer elevar som treng spesiell oppfølging av andre årsaker. Skulen sender liste med oversyn over personar i risikogrupper til legesenteret, slik at ein på førehand kan ha oversyn over kor mange personar som potensielt må ha førebyggjande behandling ved eit større utbrot.

B: For elevar som vert smitta (sjå symptom ovanfor), gjeld følgjande:

- a. Eleven skal umiddelbart ta kontakt med legesenteret, tlf. 5788 4440
- b. Eleven går til legesenteret, melder seg i luka og får utlevert skjema, som eleven fyller ut på eit eige influensaventerom, medan han/ho ventar på legen.
- c. Etter konsultasjon leverer eleven eit ferdig utfylt skjema til sekretæren på legesenteret (dette av omsyn til statistikk). Deretter går eleven i mellombels isolat i Heimevernshuset, Teina 7. Viss ikkje huset er ope så kontakt Nygjerd eller Arnestad (sjå nedanfor). Eleven tek med kopi av skjemaet til ansvarleg på Firda slik at denne kan ta kontakt med foreldre. På legesenteret får eleven utlevert skriftleg informasjon om isolat i heimen, forholdsreglar etc.
- d. Ansvarleg på Firda tek kontakt med foreldre/føresette og avtalar henting av eleven, med isolat i heimen.
- e. Viss føresette ikkje har høve til henting av elevar som bur på hybel, tek Firda vgs ansvar for transport heim. Offentleg transport kan ikkje nyttast pga smittefare.
- f. Viss ikkje eleven kan transporterast heim, blir han/ho verande i isolatet til det er funne anna, forsvarleg løysing.

C. Firda kjøper inn eit lager av munnbind og handsprit, til fordeling og bruk for tilsette og elevar

Tiltak tilsette

Tilsette som vert smitta eller som høyrer til ei risikogruppe, melder frå til Kjell Arnestad (tlf. 41530885) eller Gunnar Nygjerd (tlf. 41530888), som vurderer mulege pedagogiske og praktiske løysingar for klasser / grupper som vert råka.

Tilsette, som har vore utsett for smitterisiko – t.d. av ein elev i klassa som hostar – har i utgangspunktet liten risiko for å bli smitta viss avstanden til eleven er over 1 meter. Dersom den tilsette tilhøyrer ei risikogruppe, bør vedkomande likevel kontakte lege for individuell vurdering av smittefaren og av eventuell førebyggjande behandling.

Dersom der kjem utbrot på skulen, t.d. mange sjuke i same klasse samtidig, skal alle personar i risikogrupper (sjå oppe) få tilbod om førebyggjande tamiflu.

Ansvar

Firda vgs har ansvar for tida i mellombels isolat, for kontakt med foreldra og eventuell heimtransport. Ansvarspersonar: Kjell Arnestad (tlf. 41530885) og Gunnar Nygjerd (tlf. 41530888).

Ansvarsområde: kontakt med legesenteret, samordne tiltaka, informasjon til foreldre, pressekontakt, bemanning av isolat.

Eventuelle madrassar til isolatet, dersom elevar ikkje kan transporterast heim. Den sjuke tek sjølv med dyne og pute frå hybelen.

Gloppen kommune har ansvar for

- mat- og utstyrsbehov elles på isolatet
- økonomiske utgifter i samband med isolat. Utgifter til transport heim er ikkje eit kommunalt ansvar, men foreldra sitt ansvar.

Kontaktpersonar

Gunnar Nygjerd tlf. 41530888

Kjell Arnestad tlf. 41530885

Liv Ingunn Holvik tlf. 41530631.